

Norske  
folkeeventyr

## Draumen om det norske



☛ I 1814 får Noreg sjølvråderett og eiga grunnlov. Samtidig veks interessa for alt som kan kallast opphavleg norsk. Men Noreg har vore under Danmark i fleire hundre år, og i heile denne perioden har norske forfattarar skrive på dansk. Ved inngangen til 1800-talet finst det derfor ingen norskspråkleg litteratur bortsett frå eventyr, viser og segner som var overleverte munnleg frå generasjon til generasjon.

### **Større interesse for folkelitteraturen i Europa**

☛ Den dominerande kulturelle og åndelege retninga i Europa i første del av 1800-talet er romantikken. Romantikarane gjer opprør mot fornuftsdyrkinga som har prega 1700-talet. Vitskap og sivilisasjon har øydelagt menneskesinnet, hev-

dar filosofen Jean-Jacques Rousseau, det gjeld å finne tilbake til det naturlege og ekte. Derfor byrjar romantikarane mellom anna å interessere seg for den folkelege kulturen.

☛ I tillegg meiner romantikarane at folkelitteraturen er eit uttrykk for folkesjela, den kulturelle og historiske bakgrunnen som er felles for ein nasjon. Utover på 1800-talet blir det samla inn og skrive ned eventyr, segner og folkeviser over heile Europa. Allereie i 1812 gir brørne Jacob og Wilhelm Grimm ut den første eventyrsamlinga si i Tyskland.

### **Noreg følgjer etter**

☛ I 1830-åra slår den romantiske bølga inn over Noreg for fullt. Koplinga mellom den nyvekta interessa for det norske og dei romantiske førestellingane om det folkelege som noko opphavleg og ekte, blir i Noreg omtalt som *nasjonalromantikk*.

Prosten Andreas Faye gir ut den første samlinga av norske segner i 1833. I 1840-åra kjem så Peter Christen Asbjørnsen og Jørgen Moe med si første samling av norske eventyr og segner. I tillegg er det fleire andre som samlar inn eventyr, segner og viser i Noreg.



## Asbjørnsen og Moe

☞ Dei to unngutane Peter Christen Asbjørnsen frå Christiania og Jørgen Moe frå Hole i Buskerud går saman på Norderhov skole vinteren 1826. Her vaknar interessa for norsk folkekultur. Dei reiser rundt på bygdene, snakkar med folk og skriv ned eventyr og segner frå ulike bygdelag. Nedskrivningane frå desse



reisene resulterer etter kvart i fleire samlingar med norske eventyr og segner.



☞ Asbjørnsen er først og fremst folkeminnesamlar. Han har mykje til overs for den direkte og ofte humoristiske forteljemaaten til vanlege folk. I bøkene hans får vi levande skildringar av kvardagsmenneske som eventyrsamlaren har møtt rundt om på reisene sine.




☞ Jørgen Moe er prest i Krødsherad og i Drammen, seinare biskop i Kristiansand. Han er mest oppteken av religiøse folkeeventyr og legender. Også han gir ut egne dikt og forteljingar, mellom anna den kjende barneboka *I Brønden og i Kjærnet*.

# Norske folkeeventyr i

☞ Den første eventyrsamlinga til Asbjørnsen og Moe, *Norske Folkeeventyr*, blir utgitt som fire hefte. Det første heftet kjem i 1841, det siste i 1844. Seinare gir Asbjørnsen ut fleire eventyrsamlingar på eiga hand, mellom anna *Norske Huldreeventyr* og *Folkesagn* (1845–1847).

☞ Eventyra kan delast inn i grupper etter innhaldet. I samlinga *Norske Folkeeventyr* finn vi for eksempel desse undersjangrane:



• **Dyreeventyr** som «Reveenka», «De tre bukkene Bruse» og «Hanan og høna»: Hovudpersonane er dyr som blir tillagde spesielle eigenskapar. Bjørnen er for eksempel som oftast sterk, men dum, mens reven er ein luring.

• **Skjemteeventyr** som «Pannekaka», «Mannen som skulle stelle heime» og «Presten og klokkeren»: Desse eventyra har ofte ei satirisk form og hengjer ut negative eigenskapar som det å vere grådig, dum eller innbilsk.

• **Legendeeventyr** som «Gjertrudsfuglen» og «Jomfru Maria og svala»: Dette er religiøse forteljingar der hovudpersonen er jomfru Maria, St. Peter, Heilag-Olav eller Vårherre. Mange av forteljingane illustrerer religiøse eller moralske sanningar.

• **Undereventyr** som eventyra om «Askeladden og de gode hjelperne» og «Kvitebjørn Kong Valamon»: I desse eventyra møter vi både troll og tussar, menneske og dyr, kongar og prinsesser. Det magiske har sin sjølvskrivne plass her.

• **Novelleeventyr** som «Prinsessa som ingen kunne målbinde»: I novelleeventyra spelar det overnaturlige lita eller inga rolle.

## Eventyrsjangeren

☞ *Eventyr* er forteljingar med oppdikta innhald som er overleverte munnleg frå generasjon til generasjon. Dei har verken tid- eller stadfesting, men handlinga er likevel plassert i ein kulturhistorisk samanheng som vi kan kjenne att. Vi møter det gamle norske bondesamfunnet med kongar og prinsesser, prestar, futar, klokkarar, bønder og tenestefolk.

☞ Dei fleste eventyra følgjer eit enkelt grunnmønster: Helten møter ei utfordring eller eit problem som skal løysast. Slutten er aldri noko å lure på: Helten lykkast, og motstandarane går det dårleg med. Spenninga ligg i kva helten må gjere for å vinne over motstandarane. Handlinga blir alltid fortald kronologisk, utan frampeik eller tilbakeblikk.

☞ Karakterane i eventyret er eindimensionale og statiske. Dei er anten gode eller slemme, og dei endrar seg aldri. Eit anna typisk sjangertrekk ved eventyra er bruken av faste formlar som «det var en gang» og «snipp, snapp, snute». Gjentakning blir gjerne brukt for å auke spenninga: Det er ikkje første eller andre gongen, men tredje gongen som gjeld.

☞ Eventyr finst i alle kulturar, og ofte

**i** går dei same historiene att i litt ulik form i ulike land. Eventyret om «Kvitebjørn Kong Valamon» er ein norsk versjon av det eventyret som Disney-filmen «Skjønnheten og udyret» byggjer på.



# Folkedikting

☞ Samlingane til Asbjørnsen og Moe inneheld ikkje berre eventyr, men også fleire segner, for eksempel «Mannen som gikk i vargham» og «Tuftefolket på Sandflesa».



☞ Segna skil seg frå eventyret ved at segna gjerne er knytt til ein bestemt stad og ei viss tid. Segna gir ofte overnaturlige forklaringar på naturfenomen eller historiske hendingar.



☞ Somme gonger lagar Asbjørnsen og Moe ei såkalla rammeforteljing rundt eventyra eller segnene. Rammeforteljinga handlar om korleis dei to folkeminnegranskarane reiser rundt på Austlandet og møter ulike forteljarar. På den måten kan dei også skildre kva slags personar forteljarane er, og korleis dei fortel historiene sine. Eksempel på slike rammeforteljingar er «En natt i Nordmarka» og «En sommernatt på Krokskogen».

## Sjangertrekk og dramaturgi i «De tre mostrene»



☞ Eventyret om dei tre mostrene inneheld fleire sjangertrekk som er typiske for eventyret:

☞ Forteljinga er ikkje tid- eller stad-festa, og personane er eindimensjonale og karikerte. Spenninga knyter seg til om hovudpersonen klarer å løyse det oppdraget ho får. I dette tilfelle får jenta hjelp av tre kvinner med overnaturlige evner. Som lønn må ho love å invitere dei i bryllaupet sitt.

☞ Eventyret opnar med formelen «Det var en gang», som straks vekker heilt klare sjangerforventningar hos lesaren. Dramaturgien utnyttar den såkalla tre-talslova: Jenta får tre oppdrag ho må

løyse, og møter tre hjelparar. Samtalane mellom henne og hjelparane inneheld dei same replikkane tre gonger på rad. Gjentakningane skaper ein eigen rytme i teksten.

☞ Og som dei fleste eventyra gjer, endar også dette godt til slutt. Jenta slepp unna dei arbeidsoppgåvene dei misunnelege kollegaene ville prakke på henne, og lever lykkeleg med prinsen alle sine dagar.





## Språket hos Asbjørnsen og Moe

☞ Eventyr og segner er munnleg litteratur fortald frå generasjon til generasjon. Dei som tek på seg å skrive ned desse tekstane, står derfor overfor ei utfordring: Korleis kan ein ta vare på det munnlege i skriftleg form? Resultatet er at eventyr-språket har fått ein munnleg setningsbygnad med mange jamstilte setningar og eit stort innslag av replikkar.

☞ Når Asbjørnsen og Moe går i gang med å skrive ned norske folkeeventyr og segner, finst det framleis ikkje noko eige norsk skriftspråk. Eventyra blir derfor skrivne ned på dansk. Men Asbjørnsen og Moe prøver å ta omsyn til den munnlege originalteksten og nyttar mange norske dialektord.

☞ Gjennom det språklege arbeidet med eventyra er Asbjørnsen og Moe med på å rydde grunnen for fornorskingsprogrammet til språkmannen Knud Knudsen, og for så vidt også for arbeidet til Ivar Aasen med å reise eit nytt norsk skriftspråk med utgangspunkt i norske dialektar.



